

---

**Fra:** Ann-Helen Nessen <ahn@ardarealplan.no>  
**Sendt:** mandag 4. juli 2016 17.15  
**Til:** Kristin Schübeler Nielsen  
**Kopi:** Christian Hagerup Reinshol  
**Emne:** SV: Jydalen: tilbakemelding på endringer i høve PMU-vedtak  
**Vedlegg:** 15018\_Fammestad\_planføresegner\_juli2016.docx;  
15018\_Fammestad\_planføresegner\_juli2016\_med markerte endringer.docx;  
endringsliste juli 2016.docx; Fammestad\_planskildring\_juli2016.docx

Hei, sjå vedlagde planføresegner og skildring for Fammestad/Jydalen.

Ha ein fin dag!

Med beste helsing

Ann-Helen Nessen  
Samfunnsgeograf · planleggar

Ard arealplan as  
Nygårdsgaten 114 · 5008 Bergen  
Tlf: 55 31 95 00 · Mob: 926 54 320

[ahn@ardarealplan.no](mailto:ahn@ardarealplan.no)  
[www.ardarealplan.no](http://www.ardarealplan.no)

---

**Fra:** Kristin Schübeler Nielsen [<mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>]  
**Sendt:** 30. June 2016 12:48  
**Til:** Ann-Helen Nessen <[ahn@ardarealplan.no](mailto:ahn@ardarealplan.no)>  
**Kopi:** Christian Hagerup Reinshol <[Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no)>  
**Emne:** Jydalen: tilbakemelding på endringer i høve PMU-vedtak

Hei!

Her er tilbakemelding på endringane de har utført i planframlegget for Jydalen i høve Plan- og miljøutvalet sitt vedtak frå 25.05.2016.

Eg tar ferie frå i morgon ettermiddag, så om de sender svar på denne e-posten etter dette, må det også sendast til Christian (adr hans finn du i kopi-feltet).

**AVLØP:**

VA-planen er i seg sjølv grei, men:

- Er det gjennomført prøvetaking av resipienten for avløpssystemet, i dette tilfellet Heggernesvatnet? Er det avklart om denne kan ta imot utslepp? Tilstanden på Heggernesvatnet vil sette krav om dimensjonering av renseanlegg.

#### **FØRESEGNER:**

- 4.1.4: Innanfor området som no heiter BFS3 gjekk det ved handsaming i Plan- og miljøutvalet på førehand fram av føresegnene at ein ønskja einebustadar her. Jf. samtale med utvalsleiar i ettertid for å vere sikre på kva Plan- og miljøutvalet meinte då dei opna for fleire bueiningar innanfor BFS3, vart det presisert av utvalsleiar at dei opna opp for at det kunne førast opp inntil 8 bustadar her i betydninga 4 einebustadar med inntil 1 sekundærbueining, sidan det i planframlegget vart bede om einebustadar her i utgangspunktet. Plan- og miljøutvalet meinte ikkje å opne opp for tomansbustadar innanfor BFS3. Vi ber difor om at de tek ut tomansbustadar som eit alternativ innanfor område BFS3.
- 4.1.4: Teksta «*Areal til parkering og leik må dimensjonerast tilsvarande 8 bueiningar i planområdet.*» kan takast ut av føresegnene, då de allereie har auka leikearealet og areal til parkering går fram av føresegn 5.4.
- Det ligg ikkje inne informasjon om MUA for sekundærbueiningar. Vi tilrår at de legg inn i føresegnene 50 m<sup>2</sup> MUA pr. sekundærbueining.

#### **PLANSKILDRING:**

- Under ny tekst i 8.1 må det bli lagt inn at det også er eit alternativ å føre opp 3 tomansbustadar, jf. vedtak i PMU og føresegn 4.1.3.
- 6.13: Avløpsløysinga bør omtalast i planskildringa.

Med venleg helsing



LINDÅS KOMMUNE

**Kristin Nielsen**

Arealplanleggar/siv.ark

Planavdelinga

Tlf: 56 37 51 03